

Sak	<b>Leing og fagleg organisering (16/05229) – delprosjekt i hovudprosjekt 2 Fagleg og administrativ organisering</b>
Dato utsendt på høyring	21.11.16
Høyringsfrist	9.12.16
Send høyringsinnspel til	<a href="mailto:post@hib.no">post@hib.no</a> ; <a href="mailto:postmottak@hsh.no">postmottak@hsh.no</a> ; <a href="mailto:post@hisf.no">post@hisf.no</a>
Bakgrunn for saka	<p>Avgjerd om leing og fagleg organisering er sentralt i forminga av HVL. Delprosjektgruppa fekk i mandat å legge fram forslag til organisering av den faglege verksemda på nivå 1 og 2, samt prinsipp for nivå 3. Delprosjektgruppa legg i vedlagte rapport fram sine vurderingar og alternative løysingar. I vedlagte høyringsbrev framgår dei sentrale spørsmåla, og dei er også løfta fram som eigne punkt i dette skjemaet.</p> <p>Høyringa vert sendt ut til avdelingar og administrative einingar, til dei tilsette sine organisasjonar og studentparlamenta, og ein ber om at einingane svarer samla (Innspel frå underliggjande einingar/miljø følgjer som vedlegg).</p>
Me ønskjer spesielt innspel på (frå rapporten):	
<b>Kap 2</b>	Er premissane og inngangen tydeleg og meiningsfull?
<b>Kap 3</b>	<p>Er modelltypane - profesjon vs. kunnskapsområde - tilstrekkeleg forklarte?</p> <p>Profesjon vs. kunnskapsområde på nivå 2 – kva modell vil vere best for at HVL skal nå sine mål?</p> <p>Skal HVL ha meir enn 3 fakultet?</p> <p>Bør fakulteta ha omtrent same storleik?</p> <p>Er forslaga til namn på fakulteta dekkjande, har de alternative namn?</p> <p>Er disiplinfaga si rolle i HVL ivareteke med 3 fakultet?</p>
<b>Kap 4</b>	<p>Er prinsippa for nivå 3 dekkjande for å realisere fusjonsambisjonen?</p> <p>Er prinsippa for smale eller for vide?</p>
<b>Kap 5</b>	<p>Skal ein ha reint rektorat eller skal toppleiinga og ha leiarar med særleg administrativ kompetanse og ansvar?</p> <p>I høyringsutkastet er det foreslått funksjonsansvar til leiarane på nivå 1 – er desse område gode, har de andre forslag?</p> <p>Høyringsutkastet foreslår at det skal vere prodekanar – og skisserer ulikt ansvarsområde for desse (speile prorektor, geografisk/nærregion, støtte for dekan, etter dekanens behov) – kva er mest tenleg?</p>

## Fusjonsprogrammet for Høgskulen på Vestlandet

	Er prinsippa for leiing på nivå 3 tydelege nok for vidare operasjonalisering? Er dei råd og utval som er omtale i høyringsutkastet tenlege? Er det utval eller liknande som manglar?
Ansvarleg	Prosjekt Fagleg og administrativ organisering – Delprosjekt Leiing og fagleg organisering
Utsendar	Prosjektsekretariatet

Sak	<b>Leiing og fagleg organisering (16/05229) – delprosjekt i hovudprosjekt 2 Fagleg og administrativ organisering</b>
Høyringsinstans (svarar)	Avdeling for lærarutdanning – Høgskulen i Sogn og Fjordane - Sogndal
Ev. prosess bak høyringsinnspelet	Informasjon i allmøte, instituttvise informasjons- og drøftingsmøte med dekan, instituttvise drøftingar og svar (vedlagde). Oppsummering frå dekan.
<b>Innspel</b> Bruk fleire sider om det trengs	
<b>Kap 2</b>	Er premissane og inngangen tydeleg og meningsfull?  Einingane på avdelinga finn inngangen tydeleg nok, på det som er omtala. Det vert peika på at ein burde ha omtala nærmare korleis ein så stor og geografisk spreidd organisasjon skal kunne fungere saman som ein institusjon, der geografiske avstandar vil ha stor innverknad på fagleg og administrativt arbeid knytt til undervisning og forskning.
<b>Kap 3</b>	Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå eigne behov  <b>Er modelltypene - profesjon vs. kunnskapsområde - tilstrekkeleg forklarte?</b> Ja, men «kunnskapsområdemodellen» kan opplevast som noko luftig og vag.  <b>Profesjon vs. kunnskapsområde på nivå 2 – kva modell vil vere best for at HVL skal nå sine mål?</b>  Alle tre institutta meiner at profesjonsmodellen er den beste, grunngjeve i at ein driv profesjonsretta utdanningar, og at det er ein kjend måte å organisera høgare utdanning på, og at det lettar vegen mot eit profesjonsuniversitet. Dette er særleg viktig når ein ser kva tempo strukturendringa i høgare utdanning og denne fusjonen har hatt. Å endra organiseringsmodell til kunnskapsområde meiner nokre kunne vore spennande, men ein ser det kompliserande i den fasen ein går inn i. Idrettsmiljøet meiner profesjonsmodellen også gir idrett ein tydelegare plass i profileringa av høgskulen i forhold til kunnskapsområdemodellen. Gitt at det skal vere store fakultet som er gjeldande (slik det står i fusjons-plattformen) og at eit eige fakultet for idrett er uaktuelt, er det instituttet si meining at fagmiljøet framleis bør vera i lag med lærarutdanninga.  <b>Skal HVL ha meir enn 3 fakultet?</b> Avdelinga er noko tvisynt med omsyn til tal fakultet. Dette heng nok saman med at alle institutta sine primærbehov vert dekkja av ein modell med tre fakultet. Det

	<p>vert også peika på at det ikkje må vere vasstette skott mellom fakulteta, uavhengig av talet. Om ein maktar å syne fagleg grunnlag for eit fjerde fakultet, vil institutta på avdelinga støtte det.</p> <p>Det vert etterlyst ei noko djupare utgreiing knytt til eit fjerde fakultet. Mellom anna peiker ein på at somme universitet etablerer nye og mindre fakultet. Dekanus vil her tilføye at dette ikkje er ein generell trend, men at det finst døme på det.</p> <p>Ein er oppteken av å peike på at det ikkje må vere eit 1:1-forhold mellom fakultet og phd-program. Særleg vil masterkandidatar frå idrett kunne vere phd-studentar på fleire av programma.</p> <p><b>Er forslaga til namn på fakulteta dekkjande, har de alternative namn?</b></p> <p>Ikkje uventa er institutt for barnehagelærerutdanning mest open for den meir kreative kunnskapsområdemodellen, og nemningane knytt til denne. Alle syner til at nemningane må vere forstålege og vende seg mot sentrale interessentar. Ein er meir opptekne av at nemningane på instituttnivå er tydelege på utdanningane.</p> <p>Under profesjonsmodellen ser det ut til å vere semje om at fakultet for lærarutdanning, idrett og kulturfag kommuniserer bra med framtidige studentar. Det er særleg viktig for institutt for idrett å ha idrett som del av fakultetsnamnet for å vise omverda at dette er eitt tydeleg satsingsfelt for den nye høgskulen. Dette er enklare å få til gjennom en profesjonsmodell.</p>
<p><b>Kap 4</b></p>	<p><b>Er prinsippa for nivå 3 dekkjande for å realisere fusjonsambisjonen? Er prinsippa for smale eller for vide?</b></p> <p>Her har institutta noko ulik oppfatning, og det ser ut til at den uvissa institutt for lærarutdanning uttrykker mest handlar om trongen for avklaring med omsyn til leiarroller (dekan/prodekan) og mindre til dei prinsippa som er føreslegne for etablering av einingar på nivå 3. Det er få innvendingar til dei prinsippa som er føreslegne, meir kommentarar til det vidare arbeidet.</p> <p>Institutt for idrett peiker på at det er viktig at prinsippa på nivå 3 legg til rette for at dei studieprogramma på bachelor- og masternivå, som ikkje tydeleg er knytt til rammeplaner eller er praksisstyrt, men som er laga for å dekke bestemte behov i samfunnet, likevel vil ha sin tydelege plass.</p> <p>Alle er samde om at det er naudsynt med omfattande prosessar med omsyn til å operasjonalisere prinsippa for ulike einingar. Institutt for Idrett peiker på at ein etablering av «School/Idrettshøgskule» kan gjere det lettare å bidra på tvers av fakultet, og at det gir energi til å vidareføre den faglege utviklinga og veksten ein har hatt inn i den nye institusjonen. Dei skriv: «Då er det viktig at heile det nye idrettsfaglege miljøet føler tilhøyrslse til fakultetet. Å flytte idrettsmiljøet til eit fakultet for helsefag vil være feil for store deler av idrettsmiljøet, men delar av idrettsmiljøet, nettopp på grunn av dei tverrgåande fagområda, kan føle noko</p>

	<p>tilhøyrse til eit fakultet for helsefag. Sidan me framover fortsatt ynskjer å stå samla, er det viktig at det er i ein struktur der alle fagfelta innan idrettsvitenskapen føler tilhøyrse og får mulegheit til å vidareutvikle seg. Me ynskjer difor ein Western Norway School of Sport Sciences/Idrettshøgskulen på Vestlandet velkomen!»</p> <p>På vår avdeling har også dei administrativt tilsette kommentert den faglege organiseringa med omsyn til at dei bidreg til heilskapen. I sitt svar skriv dei at det må følgje administrasjon til institutta på campus, som ikkje er allokert frå fellesadministrasjonen.</p>
<p><b>Kap 5</b></p>	<p>Skal ein ha reint rektorat eller skal toppleiinga og ha leiarar med særleg administrativ kompetanse og ansvar?          I høringsutkastet er det foreslått funksjonsansvar til leiarane på nivå 1 – er desse område gode, har de andre forslag?          Høyringsutkastet foreslår at det skal vere prodekanar – og skisserer ulikt ansvarsområde for desse (speile prorektor, geografisk/nærregion, støtte for dekan, etter dekanens behov) – kva er mest tenleg?          Er prinsippa for leiing på nivå 3 tydelege nok for vidare operasjonisering?          Er dei råd og utval som er omtale i høringsutkastet tenlege?          Er det utval eller liknande som manglar?</p> <p><b>I høringsutkastet er det foreslått funksjonsansvar til leiarane på nivå 1 – er desse område gode, har de andre forslag?</b>          Idrett er oppteken av at ein prorektor med ansvar for forskning i seg sjølv er viktig med tilvising til universitetsambisjonen. Store ansvarsfelt utover dette ønskjer dei ikkje knytt til denne prorektoren.</p> <p><b>Høyringsutkastet foreslår at det skal vere prodekanar – og skisserer ulikt ansvarsområde for desse</b>          Alle institutta står framlegget om prodekanar, og meiner desse må vere geografisk tilordna/ha mynde/ansvar for fakultetet i nærregionen.</p> <p><b>Er prinsippa for leiing på nivå 3 tydelege nok for vidare operasjonisering?</b>          Alle institutta peiker på trongen for vidare operasjonisering. Utforminga av delegasjonsreglement frå rektor via dekanar til instituttleiarar vert viktig. Det må også etablerast nokre retningsliner for eventuell delegasjon frå dekan til prodekan.</p> <p>Uavhengig av fagleg organisering på nivå 3 vil det vera behov for ei inndeling på nivå 4, både p.g.a. av personalansvar og som ei fagleg inndeling. Dette er ivareteken i rapporten på eit generelt nivå, men det er behov for konkretiseringar i neste fase.</p> <p>Alle institutta er opptekne av å ha nærleik til leiar. Ein er redd for avstand til ein funksjon med mynde til å fatte vedtak i faglege og studienære administrative spørsmål. Lærarutdanning i Sogn og Fjordane har vore utvikla i nært samarbeid med skuleeigar, regional stat og tilsette sine organisasjonar. Lokale leiarar må ha mynde til å følgje opp denne gode tradisjonen.</p>

## Fusjonsprogrammet for Høgskulen på Vestlandet

	I praktisk dagleg ressursforvaltning er det viktig at leiarar for BLU og GLU (og Idrett) kan vurdere faglege personalressursar, slik at ein får gode arbeidsplanar for alle tilsette på campus. Det krev lokal leiing for samordning.
Andre merknader	

## Høyring – Leiing og fagleg organisering

Vi er klar over at det skal vera fokus på administrativ organisering i denne saka, men sidan det likevel er kommentert noko i høyringa vil vi komme med nokre innspel.

ALI-adm er opptatt av å vera ein god støttespelar for både dekan, instituttleiarar, fagtilsette og studentar. Administrasjonen får gode tilbakemeldingar frå desse gruppene om at vi «tett på», og kan studietilbodet på avdelinga og er dyktige på arbeidsoppgåvene både på studieadministrasjon og økonomi/personal, i tillegg har vi stor ekstern aktivitet. Vi har god innsikt i arbeidsoppgåvene til både fagtilsette og leiinga, og denne tette koplinga kan vi berre få til ved å sitje i ein administrasjon som er nær fagtilsette, studentar og leiing. Dette inneber mellom anna rask sakshandsaming og tett oppfølging, og evne til å «snu seg rundt».

### Kap. 3. Modellar

ALI-adm vil rå til profesjonsmodellen, med Fakultet for lærarutdanning, idrett og kulturfag. Evt med fire fakultet, der samfunnsfag ikkje er med i Fakultetet. Vi ønskjer ikkje fakultet basert på kunnskapsområde. Namnet Fakultet for danning og livslang læring falt ikkje i smak i administrasjonen. Vi kan vere innovative, sjølv om vi heiter det vi driv med (lærarutdanning og idrett).

### Kap. 4. Organisering på nivå 3

På nivå tre er det framlegg om tre ulike organiseringar:

- institutt
- School
- Senter

Vi kjenner lite til organisasjonsforma School og Senter. Her er kan det vere til dømes School of Sports. Vi forstår ikkje heilt skilnaden på institutt og School.

Senter – det er greitt med forskingscenter, og støttar ei slik organisering av store forskingsmiljø.

### Kap. 5 Overordna mål

Her står det m.a. at tilsette skal ha nærleik til fagleg leiing og personalleiing. Her kan vi legge til nærleik til administrative tenester.

Prorektor: det skal vera ein prorektor i kvar nærregion. Det bør vera leiarar med administrative funksjonar på nivå 1.

Prodekan: ALI-adm meiner at det må vera ein prodekan på kvar studiestad (nærregion), med ansvar for stadleg leiing av fakultetet. Det må sikrast at det er leiing i kvar nærregion på alle fakultet.

I høyringa tilrår prosjektgruppa solide fakultetsadministrasjonar, og ein fellesadministrasjon. Den administrative organiseringa skal følgje den faglege organiseringa. Prosjektgruppa tilrår store institutt. ALI-adm meiner at det må følgje administrasjon til institutta på campus, som ikkje er allokert frå fellesadministrasjonen. Administrasjonen på institutta må vera dedikert til instituttet aleine.

## Fusjonsprogrammet for Høgskulen på Vestlandet

Det må også sikrast at det er stadleg leiing på kvar studiestad for institutta også. Til dømes institutt for lærarutdanning. Det må vera ein leiar på kvar campus som skal tilby lærarutdanning, i tillegg må det vera ein programleiar for kvar utdanning på campus.

Sak	<b>Leiing og fagleg organisering (16/05229) – delprosjekt i hovudprosjekt 2 Fagleg og administrativ organisering</b>
Dato utsendt på høyring	21.11.16
Høyringsfrist	9.12.16
Send høyringsinnspel til	<a href="mailto:post@hib.no">post@hib.no</a> ; <a href="mailto:postmottak@hsh.no">postmottak@hsh.no</a> ; <a href="mailto:post@hisf.no">post@hisf.no</a>
Bakgrunn for saka	<p>Avgjerd om leiing og fagleg organisering er sentralt i forminga av HVL. Delprosjektgruppa fekk i mandat å legge fram forslag til organisering av den faglege verksemda på nivå 1 og 2, samt prinsipp for nivå 3. Delprosjektgruppa legg i vedlagte rapport fram sine vurderingar og alternative løysingar. I vedlagte høyringsbrev framgår dei sentrale spørsmåla, og dei er også løfta fram som eigne punkt i dette skjemaet.</p> <p>Høyringa vert sendt ut til avdelingar og administrative einingar, til dei tilsette sine organisasjonar og studentparlamenta, og ein ber om at einingane svarer samla (Innspel frå underliggjande einingar/miljø følgjer som vedlegg).</p>
Me ønskjer spesielt innspel på (frå rapporten):	
<b>Kap 2</b>	<p>Er premissane og inngangen tydeleg og meiningsfull?  <b>Svar:</b> Ja</p>
<b>Kap 3</b>	<p>Er modelltypane - profesjon vs. kunnskapsområde - tilstrekkeleg forklarte?  <b>Svar:</b> Ja, dei er tilstrekkeleg forklarte i notatet</p> <p>Profesjon vs. kunnskapsområde på nivå 2 – kva modell vil vere best for at HVL skal nå sine mål?  <b>Svar:</b> BLU instituttet meiner at profesjonsmodellen vil vere best eigna for at HVL skal nå sine mål med fakultet for lærarutdanning, idrett og kulturfag. Denne modellen vil vere forståeleg for komande studentar, praksisfelt og samarbeidspartnarar i regionane. Instituttet ønskjer ikkje ein modell basert på kunnskapsområde.</p> <p>Skal HVL ha meir enn 3 fakultet?  <b>Svar:</b> Viss samanbindingar fagleg gir grunnlag for 4 fakultet så bør HVL ha 4 fakultet. Dette kan vi sjå i samanheng med høyringa frå fagleg plattform, profil og strategi som nemner 4 profilområde.</p> <p>Bør fakulteta ha omtrent same storleik?</p>

	<p><b>Svar:</b> I utgangspunktet ja, men fakulteta bør ha faglege samanbindingar som utgangspunkt, ikkje basert på tal og storleik.</p> <p>Er forslaga til namn på fakulteta dekkjande, har de alternative namn?</p> <p><b>Svar:</b> «Fakultet for berekraftig utvikling» opnar opp for meir tverrfagleg samarbeid, det er positivt. Instituttet er meir opne for kreative namn på fakultet enn institutt, men namna bør vere informative for andre enn dei tilsette i HVL. Det er stor semje om profesjonsutdanningane må vere tydelege i namna på instituttnivå. Her må det vere tradisjonelle og profesjonsrelaterte namn slik at praksisfelt og komande studentar kjenner seg att, døme: Institutt for barnehagelærerutdanning. Namna kan bli for vide og seie alt og ingenting, td «livslang læring» - dette bør heller løftast fram og nemnast som ein felles verdi enn brukast som namn på fakultet.</p> <p>Er disiplinfaga si rolle i HVL ivareteke med 3 fakultet?</p>
<p><b>Kap 4</b></p>	<p>Er prinsippa for nivå 3 dekkjande for å realisere fusjonsambisjonen? Er prinsippa for smale eller for vide?</p> <p><b>Svar:</b> Vi kjenner lite til organisasjonsforma School og Senter, og ser ikkje heilt skilnaden. Nivå 3 bør vere under nemninga «Institutt». Når det gjeld Senter, er det heilt greitt med forskingssenter, og støttar ei slik organisering av store forskingsmiljø.</p>
<p><b>Kap 5</b></p>	<p>Skal ein ha reint rektorat eller skal toppleiinga og ha leiarar med særleg administrativ kompetanse og ansvar?</p> <p>I høringsutkastet er det foreslått funksjonsansvar til leiarane på nivå 1 – er desse område gode, har de andre forslag?</p> <p><b>Svar:</b> Prorektorane i kvar nærregion bør vere leiarar med administrative funksjonar på nivå 1. Positivt med einskapleg leiing.</p> <p>Høyringsutkastet foreslår at det skal vere prodekanar – og skisserer ulikt ansvarsområde for desse (speile prorektor, geografisk/nærregion, støtte for dekan, etter dekanens behov) – kva er mest tenleg?</p> <p><b>Svar:</b> Instituttet meiner at det må vera ein prodekan på kvar studiestad (nærregion) med ansvar for stadleg leiing av fakultetet. Det må sikrast at det er leiing i kvar nærregion på alle fakultet.</p> <p>Er prinsippa for leiing på nivå 3 tydelege nok for vidare operasjonalisering?</p> <p><b>Svar:</b> Instituttet meiner at her må det presiserast delegering av ansvar frå td instituttleiar til vise-instituttleiar/stadleg leiar, spesielt med tanke på faglærarane sin arbeidssituasjon. Faglærarar på instituttet viser til ein arbeidssituasjon der faglærarar underviser både på GLU og BLU. Slik det er i dag har instituttleiarar god oversikt og samarbeider om ressursar, men i HVL med institutt på tvers vil dette bli ei utfordring i mykje større institutt. Det blir sær viktig å leggje føringar og rammer for kort veg til mynde og avgjersle. Spørsmålet er også ein organiseringa blir med utgangspunkt i fag eller studieprogram. Om organiseringa blir med utgangspunkt i fag kan faglærarar i småfag bli veldig åleine på dei minste campusa. Det blir viktig at organiseringa av</p>

## Fusjonsprogrammet for Høgskulen på Vestlandet

	<p>HVL tek omsyn til både studenten og faglærarane. Det må sikrast at det er stadleg leiing med mynde på kvar studiestad for institutta. Til dømes institutt for barnehagelærerutdanning. Det må vera ein leiar på kvar campus som skal tilby barnehagelærerutdanning.</p> <p>Instituttet ønskjer også god tilgang til administrative tenester og ønskjer administrative støttefunksjonar på instituttnivå og stadleg nivå for å vere «tett på» studenten. Det er særskild viktig at «ALI-modellen» (med ein avdelingsadministrasjon som har fagleg kunnskap og er tett på faglærarar og leiarar) vert utgangspunktet for organisering av administrative tenester i HVL. Instituttet meiner at det må følgje administrasjon til institutta på kvart campus, som ikkje er allokert frå fellesadministrasjonen. Administrasjonen på institutta må vera dedikert til instituttet åleine.</p> <p>Er dei råd og utval som er omtale i høyringsutkastet tenlege? <b>Svar:</b> Instituttet tykkjer det er positivt med både utdanningsutval og fou-utval. HVL bør ha eit utval som også drøftar kvalitet på undervising.</p> <p>Er det utval eller liknande som manglar?</p>
Ansvarleg	Prosjekt Fagleg og administrativ organisering – Delprosjekt Leiing og fagleg organisering
Utsendar	Prosjektsekretariatet

Sak	<b>Leiing og fagleg organisering (16/05229) – delprosjekt i hovudprosjekt 2 Fagleg og administrativ organisering</b>
Høyringsinstans (svarar)	Institutt for lærarutdanning
Ev. prosess bak høyringsinnspelet	Framlegging av rapport på instituttmøte 2.12.16. Vidare drøfting i fagseksjonar og mellom fagpersonale. Dokumentet er ei samanfatning frå instituttleiar. Innspel til instituttleiar blir sendt med som vedlegg
<b>Innspel</b> Bruk fleire sider om det trengs	
<b>Kap 2</b>	Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå eigne behov
	Eit hovudtrekk er at premissa er uklare, og at dei ikkje fangar opp alle særtrekk ved HVL (kap 2.3). Instituttet saknar ei skildring av korleis ein så stor og geografisk spreidd organisasjon skal kunne fungere saman som ein institusjon der geografiske avstandar vil ha storinnverknad på fagleg og administrativt arbeid knytt til undervisning og forskning. Instituttet saknar meir informasjon om følgjene av vedtak som skal takast.
<b>Kap 3</b>	Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå eigne behov
	Instituttet stør profesjonsmodellen framfor kunnskapsområdemodellen, sjølv om enkeltinnspel meiner at begge modellane kan fungere. Dei ulike profesjonsutdanningane vil ha sterk tyngde i HVL, og med den sterke føringa i Fusjonsplattforma om å vere ein regional aktør meiner vi at ein profesjonsmodell vil fungere best. Vi viser og til målsetjinga om å oppnå status som eit profesjonsuniversitet (punkt 2, side 2 i Fusjonsplattforma). Vår meining er at ein profesjonsmodell lettare vil kunne fungere integrerande for dei ulike faga i ei profesjonsutdanning. Ein slik modell vil etter vårt syn òg kunne ivareta god kontakt med profesjonane vi utdannar til, t.d gjennom allereie etablerte samarbeidsrelasjonar. Uavhengig av modell må både fakultet og institutt ha namn som er informative for fleire enn spesielt interesserte. Fakultet må inneha namnet lærarutdanning. Det må sjølvstøtt også instituttet.
	Spørsmål om eit fjerde fakultet er generelt for dårleg utreda. Majoriteten av innspela i instituttet meiner at 4 fakultet kan vere ei god løysing for å ivareta alle fagmiljøa. I denne delen savnar vi og ei erfaringdrøfting frå universitet som har organisert seg vekk frå få og store fakultet til mindre og fleire.
<b>Kap 4</b>	Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå eigne behov
	Institutt for lærarutdanning meiner at prinsippa på nivå 3 ikkje er dekkjande for å realiserer fusjonsambisjonane. Samanhengen mellom nivå 2 og 3 er uklar. Til dømes kva rolle og mandat skal dekan og prodekan ha i høve prorektor. I fusjonsplattforma heiter det i kap 4 under «Leiing» at <i>HVL skal ha gjennomgåande leiing og eins leiing på alle nivå, og HVL skal ha strategisk fagleg</i>

	<p><i>og adm leiging på fleire nivå i nærregionane.</i> Det er ikkje synleggjort godt nok korleis desse intensjonane kan fylgjast opp i praksis.</p> <p>ALI har vore gjennom store, vellykka endringar sidan århundreskiftet. Ein viktig føresetnad for desse smidige endringane har vore korte vegar til leiarar med handlingsrom og mynde til å fatta vedtak. Vi viser også til fusjonsplattformas punkt 4 (s. 4) om leiging der det mellom anna er framheva behovet for nærleik til fagleg leiging og til personaleleing.</p> <p>Ut frå dette meiner vi at det må vera ein prodekan på kvar av dei tidlegare høgskulane. Om lærarutdanninga vert delt opp i institutt for GLU 1-7, GLU 5-10 og BLU, bør ein syte for at kvar av dei tidlegare høgskulane får kvar sin instituttleiar med støttefunksjonar.</p> <p>Vi treng ein «underinstituttleiar» som samordnar dei funksjonane som i dag er handsama av éin leiar. Her kan vi mellom anna nemna ulike satsingsområde som vi får pålegg om frå skiftande politisk hald, kontakt med skulesektoren i fylket og vidareutdanningstilbod som må tilpassast etterspurnaden i nærregionen.</p> <p>HVL må organiserast slik at kvar campus, med fakultet, institutt og studieprogram, har fagleg leiging med makt og mynde til å ta avgjersler i sitt nærområde som gjeld fagleg organisering og gjennomføring av arbeidsoppgåvene på dei ulike utdanningane. Det må òg følgje med administrativ leiging og personalansvar som vert ivaretatt på kvar campus.</p> <p>Nivå 4 er ikkje omtala i denne rapporten, men vi vil allereie her signalisere sterkt at <i>”Tilsette skal ha nærleik til fagleg leiging og personaleleing”</i> (kap.5) må gjelde alle og bety geografisk nærleik på alle nivå.</p> <p>Instituttet for lærarutdanning stiller seg noko undrande til prosessen med utlysinga av nye studieleiarstillingar, og korleis ”setteinstituttet” er blitt utforma. Vi ser også ein fare for at organiseringsforma her kan bli permanent utan tilstrekkeleg forankring.</p>
<p><b>Kap 5</b></p>	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <p>Deler av spørsmåla i kap 5 var naturleg å kommentere under kap.4. Det er ikkje kome innspel på reint rektorat vs toppleing med administrativ kompetanse og ansvar.</p> <p>Organ for medbestemming og medverknad er ikkje gjort eksplisitt i rapporten. I ein så stor organisasjon som HVL er det viktig at fagforeiningane sin plass vert styrka og synleggjort</p>

Fusjonsprogrammet for Høgskulen på Vestlandet

Andre merknader	
-----------------	--

Sak	<b>Leing og fagleg organisering (16/05229) – delprosjekt i hovudprosjekt 2 Fagleg og administrativ organisering</b>
Høyringsinstans (svarar)	Institutt for idrett
Ev. prosess bak høyringsinnspelet	
<b>Innspel</b> Bruk fleire sider om det trengs	
<b>Kap 2</b>	Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov
	<b>Er premissane og inngangen tydeleg og meiningsfull?</b> Ja, men me reagerer på korte fristar for innspel.
<b>Kap 3</b>	Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov
	<p><b>Er modelltypene - profesjon vs. kunnskapsområde - tilstrekkeleg forklarte?</b> Ja, men «kunnskapsområdemodellen» kan opplevast som noko luftig og vag.</p> <p><b>Profesjon vs. kunnskapsområde på nivå 2 – kva modell vil vere best for at HVL skal nå sine mål?</b></p> <p>Institutt for idrett meiner at profesjonsmodellen er den beste. Det kan vera fleire grunnar til det. Ikkje minst er det viktig at det er ein kjend måte å organisera høgare utdanning på. Dette er særleg viktig når ein ser kva tempo strukturendringa i høgare utdanning og denne fusjonen har hatt. Å endra organiseringsmodell til kunnskapsområde kunne vore spennande, men me er redde for at det kunne medført kaotiske tilstandar i starten og i praksis ville trengt mange år for å kunne fungere i praksis. Profesjonsmodellen gir idrett ein tydelegare plass i profileringa av høgskulen i forhold til kunnskapsområdemodellen.</p> <p>Om ein går vidare med profesjonsmodellen kan ein prøva å plassera idrett på organisasjonskartet. Gitt at det skal vera store fakultet som er gjeldande (slik det står i fusjons-plattformen) og at eit eige fakultet for idrett er uaktuelt, er det instituttet si meining at me framleis bør vera i lag med lærarutdanninga.</p> <p>Rapporten frå prosjekt faglig plattform, profil og strategi synleggjer likevel noko av utfordringa for idrettsmiljøet. Fagfelt som livsstil, fysisk aktivitet, helsefremming og folkehelse har tilhørsle på tvers av både satsingsområder og fagmiljø. Dette gjer fakultetsinndelinga utfordrande. Institutt for idrett har vorte gode ved å vera samla, og me ynskjer å vidareføre den faglege utviklinga og veksten me har hatt inn i den nye institusjonen. Då er det viktig at heile det nye idrettsfaglege miljøet føler tilhørsle til fakultetet. Å flytte idrettsmiljøet til eit fakultet for helsefag vil være feil for store deler av idrettsmiljøet, men delar av idrettsmiljøet, nettopp på</p>

	<p>grunn av dei tverrgåande fagområda, kan føle noko tilhøyrsløse til eit fakultet for helsefag. Sidan me framover fortsatt ynskjer å stå samla, er det viktig at det er i ein struktur der alle fagfelta innan idrettsvitskapen føler tilhøyrsløse og får mulegheit til å vidareutvikle seg. Me ynskjer difor ein Western Norway School of Sport Sciences/Idrettshøgskulen på Vestlandet velkomen!</p> <p>I den samanhengen er det viktig å nemne phd-programma. Det er viktig at desse programma ikkje er låst til dei einskilde fakulteta. Om ein går ut frå at dagens phd-program: «Studier av danning og didaktiske praksiser» vil ligge under fakultet for lærarutdanning, idrett og kulturfag, er det viktig at dette ikkje er einaste phd.-mulegheit for framtidige stipendiatar på idrett. Fleire typiske forskingsprosjekt på idrett vil ikkje naturleg høyra inn under dette programmet, men under andre meir folkehelseretta program.</p> <p><b>Skal HVL ha meir enn 3 fakultet?</b> Tre fakultet er tilstrekkeleg og storleiken kan være lik, men det er ikkje det viktigaste kriteriet. Det er enno viktigare at det ikkje blir «vasstette skott» mellom fakulteta slik at ulike fagmiljø kan samarbeide på tvers av fakulteta og at det vert mulegheit for undervisningsmobilitet mellom fakulteta.</p> <p><b>Er forslaga til namn på fakulteta dekkjande, har de alternative namn?</b> Under profesjonsmodellen er det vår meining at fakultet for lærarutdanning, idrett og kulturfag kommuniserer bra med framtidige studentar. Det er særleg viktig for institutt for idrett å ha idrett som del av fakultetsnamnet for å vise omverda at dette er eitt tydeleg satsingsfelt for den nye høgskulen. Dette er enklare å få til gjennom en profesjonsmodell.</p>
<p><b>Kap 4</b></p>	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <p><b>Er prinsippa for nivå 3 dekkjande for å realisere fusjonsambisjonen?</b> Ja, og nivå 3 vil vera det viktigaste for dei fleste av dei fagleg tilsette. Men for å snakka om realisering av fusjonsambisjonane må innhaldet, strukturen, storleikene på institutt/schools, fagleg organisering og utvikling òg vera med i vurderinga. Ei opning for «Western Norway School of Sport Sciences» vil kunne gjera vårt fagmiljø betre i stand til å bidra med leveransar inn mot fleire ulike fakultet. Slik kan fagpersonar få fagleg tilhøyrsløse sjølv om dei ikkje er organisert under det fakultetet som ligg tettast på deira faglege profil. Ein Idrettshøgskule på Vestlandet vil og kunne vera med på å synleggjera idrett som del av HVL sin faglege profil.</p> <p>Det er viktig at prinsippa på nivå 3 legg til rette for at dei studieprogramma på bachelor- og masternivå som ikkje tydeleg er knytt til rammeplaner eller er praksisstyrt, men som er laga for å dekke bestemte behov i samfunnet, likevel vil ha sin tydelege plass.</p> <p>I høve idrettsvitskapen kan ein «School of Sport Sciences»-organisering gi idrettsmiljøet ein tydeleg profil, og vidareføre den veksande FoU-produksjonen i heile fagmiljøet. Det vil og gjera oss meir attraktive i rekruttering av studentar og tilsette. Me kan også tenke oss at ei slik organisering vil legge til rette for ei framtidig vekst for idrettsutdanninga ved HVL, og at me på sikt kan sjå føre oss ein framtidig School of Sport Sciences på nivå to (fakultet).</p>

	<p>Uavhengig av fagleg organisering på nivå 3 vil det vera behov for ei inndeling på nivå 4, både p.g.a. av personalansvar og som ei fagleg inndeling. Dette er ivareteken i rapporten på eit generelt nivå, men det er behov for konkretiseringar i neste fase.</p> <p>Idrettshøgskulen på Vestlandet vil med sitt fokus på idrett, kroppsøving, friluftsliv og folkehelse spegla Vestlandet og vestlandsidentiteten som er ein grunnleggande del av HVL sin plattform. Idretten står sterkt på Vestlandet, me ligg på topp på nasjonale prøvar og HiSF har hatt eit særst godt samarbeid med utdanningssektoren i regionen. Me har unik natur og ein kultur for å bruke den, og er den regionen med best helse i landet. Dette vil være bærande for forskinga og utdanningane ved Idrettshøgskulen på Vestlandet.</p> <p>Samtidig vil ein «School of Sport Sciences» vera med på å operasjonalisere både profilområde 1 (helse, omsorg, velferd) og profilområde 2 (danning, kultur og samfunn), og dermed gje godt høve for dei ulike fagfelte og framleis stå samla og veksa på det, samtidig som dei kan jobbe tverrfaglig på tvers av fakultet.</p>
<p><b>Kap 5</b></p>	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <p><b>I høyringsutkastet er det foreslått funksjonsansvar til leiarane på nivå 1 – er desse område gode, har de andre forslag?</b></p> <p>For å realisere ambisjonen om auka forskingsaktivitet ved HVL er det viktig at me får ein prorektor med ansvar for forskning. Same prorektor bør ikkje få funksjonsansvar for store område som undervisning, formidling, IKT eller internasjonalisering.</p> <p><b>Høyringsutkastet foreslår at det skal vere prodekanar – og skisserer ulikt ansvarsområde for desse (speile prorektor, geografisk/nærregion, støtte for dekan, etter dekanens behov) – kva er mest tenleg?</b></p> <p>Det skal vera ein prorektor for kvar region. Det same kan føreslåast når det gjeld prodekanar. Leiargruppa må vere geografisk plassert, dette gjeld og på fakultetsnivå.</p> <p><b>Er prinsippa for leiing på nivå 3 tydelege nok for vidare operasjonalisering?</b> Ja, prinsippa for leiing på nivå 3 er tydelege nok for vidare operasjonalisering.</p>

## Fusjonsprogrammet for Høgskulen på Vestlandet

Andre merknader	<p>Nokre av dei tilsette uttrykker uro for den planen som ligg føre. Det er ein plan som meiner å ha «store vyar», men der det til tider er vanskeleg å sjå kvar den enkelte undereining høyrer heime, og særleg korleis den enkelte tilsette skal finna sin plass. Den nye høgskulen vert svært stor og det kan bli langt til «toppen». Ein openbar fare er at dei tilsette og studentar ikkje kjem til vita kven leiarane er og at det vert vanskeleg å føla identitet og eigarskap til arbeidsplassen og studiestaden. «Tett på» som overordna verdi kan bli vaska ut med fusjonen. På generelt grunnlag kan ein stille spørsmål om det å vere stor er så bra slik ein får inntrykk av når ein les høyringsnotatet.</p> <p>Om ikkje dei tilsette skal føla avmakt i ein slik organisasjon er god leiing viktig, og nærmaste leiar for dei fleste fagtilsette vil vera instituttleiar/School-leiar på nivå 3 eller programansvarleg på nivå 4. Difor er det viktig at HVL har naudsynt leiaropplæring og avgrensa personalansvar for desse leiarane.</p>
-----------------	--